

Forsikringsvilkår

Brann

Gjeld frå 01.01.2012



Innhald:

Punkt	Side	Punkt	Side
1. Kven forsikringa gjeld for	2	1. Skadeoppgjer, eigendel og regler for verdisetting	3
2. Kvar forsikringa gjeld	2	7. Naturskade	6
3. Kva som er forsikra	2		
4. Kva skadar som vert dekt	2		
5. Sikringskrav Andre personar sine handlingar, forsømingar og endring av risiko	3		

Forsikringsavtalen består av:

- Forsikringsbeviset med spesifikasjonar og særtilkår.
- Generelle tilkår.
- Forsikringsavtalelova av 16. juni 1989, så langt denne ikkje er fråveke i tilkåra.
- Lov om naturskadeforsikring av 16. juni 1989.

Forsikringsbeviset med spesifikasjonar og særtilkår gjeld føre tilkåra.

1. Kven forsikringa gjeld for

- Forsikringa gjeld for
- 1.1 den som er nemnd i forsikringsbeviset(forsikringstakar)
 - 1.2 for innehavar av tinglyst eigedomsrett, panterett eller andre rettar sikra ved tinglysing i fast eigedom.
 - 1.3 Innehavar av panterett i lausøyre eller varer, men berre dersom panthavaren har teke i mot forsikringsattest frå selskapet, jfr. FAL paragraf 7-1, 3.ledd, som er fråviken
 - 1.4 Annan panthavar eller eigar av ting enn dei som er omtalt ovanfor, men berre dersom forsikringstakaren har forsikringsplikt eller ber risikoen for tingen.
- Selskapet kan med bindande verknad for medforsikra endre avtalen eller la den opphøre.
- Ved skadeoppgjær kan selskapet forhandle med forsikringstakaren og utbetale erstatning til han med bindande verknad for medforsikra med mindre selskapet har fått skriftleg melding om den medforsikra sine interesser etter at skaden skjer, men før oppgjær finn stad.
- 1.4 Ved eigarskifte gjeld forsikringa til ny eigar har teikna forsikring, men ikkje lenger enn 14 dagar etter eigarskiftet.

2. Kvar forsikringa gjeld

- 2.1 Forsikringa gjeld på den staden som er nemnd i forsikringsbeviset (forsikringsstaden).
 - 2.2 For ting, innbu og lausøyre som mellombels er på ein annan stad innan Norden, og som skal til forsikringsstaden, gjeld forsikringa med inntil kr 300.000,-. Flytting må meldast til selskapet.
- Borteforsikringa gjeld ikkje for varer, i egne eller leigde lokale, og heller ikkje for ting på bygge- / anleggsplass, eller for ting som vert brukt i entrepenør-, installasjon-montering-, eller handverksverksemd.

- 2.3 Naturskadeforsikring gjeld berre i Noreg. Sjå egne tilkår.

3. Kva som er forsikra

- 3.1 Bygning, maskiner, lausøyre og varer
- Forsikringa omfattar dei gjenstandane og interessene som er nemnt i forsikringsbeviset.
- 3.1.1 Bygning
- Forsikringa gjeld ikkje kunstnarisk utsmykking som ikkje er særskilt nemnt i forsikringsbeviset. Når bygningen er forsikra er følgjande også med:
- 3.1.2 Utvendige tilknytte leidningar med tilknytt utstyr, her medrekna bygningen sin dreng og overvass-ledning, fram til offentleg leidning, som fører elektrisitet eller væske til eller frå bygningen, men ikkje slike som i hovudsak er montert for maskiner og lausøyre.
 - 3.1.3 Forsikringa gjeld også oljetank, septiktank og drengskum.
- Forsikringa omfattar ikkje:
- Infiltrasjonsgrøft, spredeledning eller spredegrøft jordvarmerøyr
- 3.1.4 Maskiner og lausøyre
- Maskiner og lausøyre som er montert for eller er eit ledd i produksjon eller næringsverksemd eller i drift av offentlege eller private verksemd, med faste installasjonar, slik som maskinfundament av alle slag, alle tilknytte røyr og

leidningar, maskinene sitt ventilasjonsanlegg m.v.

Forsikringa gjeld ikkje:

- modellar, mønstre, former, stanser, matraser, klisjear, trykkplater, ståande sats og liknande.
- motorvogn, tilhengar til motorvogn, luftfartøy, seglbåt eller motordrevne farty som ikkje er varer i næringsverksemd.
- pengar og verdepapir.

- 3.1.5 Varer, når desse er nemnde i forsikringsbeviset, og avgrensa til den nemnde summen.

3.2 Utan særskilt avtale gjeld ikkje forsikringa for:

- 3.2.1 motorkøyrety av alle slag, tilhengar eller ting som høyrer til motorkøyrety, campingvogn, båt (kano, kajakk og seglbrett er ikkje å sjå som båt) påhengsmotor, eller delar og ting som høyrer til båt eller påhengsmotor, luftfarty eller delar og ting til luftfarty, dersom desse ikkje er særskilt nemnde i forsikringsbeviset, eller er varer i næringsverksemd.
- 3.2.2 Rekonstruksjon av yrkesmanuskript og -teikningar, datalager m.m.
- 3.2.3 Utgifter til riving, rydding og bortkøyring av verdilause restar.
- 3.2.4 Meirutgifter til mellombels lagring og destruksjon av miljøfiendtelege restar
- 3.2.5 Meirutgifter på grunn av offentlege påbod
- 3.2.6 Meirutgifter på grunn av prisstigning etter skadedagen.

4 Kva skader som vert dekt

- 4.1 Brann og naturskadar
 - 4.1.1 Skade vert erstatta når han kjem frå:
 - Brann, det er "eld som har kome laus"
 - Eksplosjon
 - Uforutsett nedsoing frå eldstad
 - Luftfarty, eller deler av luftfarty, som råkar ting.
 - 4.1.2 Unnateke er
 - Sviskadar og skade av gneistar åleine.
 - Skade på ting som med vilje er utsett for varme.
 - Skade grunna sprengingsarbeid på forsikringsstaden vert ikkje erstatta.
 - Skade på forbrenningsmotor ved eksplosjon i sjølve motoren
 - Skade på transformator, elektrisk maskin, apparat, datautstyr ved eksplosjon i desse.
 - Skade på smelteovn, miksar, skjenk, digel, form og liknande, der eksplosjon skjer.
- Sikringskrav, sikring mot brann, sjå punkt 5.
- 4.2 Lynnedslag
 - 4.2.1 Selskapet svarar for fysisk skade ved direkte lynnedslag. Med direkte lynnedslag er det meint at gjenstanden er direkte råka av lynet, og ber merke etter lynnedslaget. Unnateke er:
 - Skadar som skuldast elektrisk fenomen
 - 4.3 Andre skadar
 - 4.3.1 Selskapet svarar for fysisk skade ved naturulukke, sjå egne naturskadetilkår
 - luftfarty, eller deler av eller frå luftfarty som råkar ein gjenstand

Sikringskrav, sjå punkt 5

5 Sikringskrav

Ved brot på sikringskrava kan retten til erstatning falle bort eller verte redusert, (jf. Fal f 4-8).

- 5.1 Lover og forskrifter gjeve av det offentlege
- 5.2 Det som er fastlagt i lov om brannvern med forskrifter, samt pålegg frå offentleg brannvern,
- 5.3 lov om tilsyn med elektriske anlegg med tilhøyrande forskrifter, samt det som blir pålagt av det stadlege el-tilsyn, skal følgjast.
- 5.4 For bedrifter skal det oppnemnast ansvarshavande for brannførebyggjande arbeid. Vedkomande skal ha ansvaret for at sikringskrava vert følgde. Avvik skal rapporterast.
- 5.5 Han skal vidare ha ansvaret for opplæring av tilsette i brannførebyggjande tiltak, bruk av slökkjeutstyr og varslingsrutinar.
- 5.6 Syte for at forhold som trugar branntryggleiken straks vert retta. Brannrører og lemmar skal vere sjølvluukkande. Dei kan kun stå opne dersom dei er forsynt med automatisk atllating ved brann. Slik funksjon skal funksjonsprøvast minst ein gong for året.
- 5.7 Sløkkingsreiskap skal vere tilstades på ein godt synleg og tilgjengeleg stad, og vera i god stand. Dei skal vere merka med dato for siste kontroll, og kontrollerte minst ein gong for året. Husvære skal ha minst ein godkjend røykvarslar plassert såleis at han ved alarm kan høyrast tydeleg på soverom, også når dører er atlatne. Husværet skal dessutan ha husbrannslange som kan nå alle rom i husværet, eller eit 6 kg pulverapparat type ABE III.
- 5.8 Vedlikehald og tilsyn
Den forsikra bygning med tilnytt utstyr skal haldast ved like, såleis at bygningen kan tåle vanleg bruk og pårekna påkjenningar.
- 5.9 Varmt arbeid

Med varmt arbeid er meint arbeid der det vert nytta maskiner og utstyr som genererer gneistar og varme som kan føre til brann. Varmt arbeid omfattar bruk av open eld, varmluft, sveise-, skjere- og/eller slipeutstyr.

Forholdsreglar

Forholdsreglene skal ivaretaast før, under og etter arbeidet som nemnt her:

Det skal vere nytta instruks for slikt arbeid. Arbeidsstad og dei næraste områda skal til ei kvar tid vere rydda for brennbar materiale. Alt brennbar materiale på og i nærleiken av arbeidsstaden skal vere verna. Brennare bygningsdelar skal vere ettersett og verna. Opningar i golv, veggjar og tak skal vere tetta under arbeida.

Godkjent sløkkingsutstyr, minst 2 stk. 6 kg. ABC-handslökkjeapparat eller brannslange med diameter $\frac{3}{4}$ tomme påsett vatn fram til strålerøret skal vere plassert lett tilgjengeleg på arbeidsstaden. Brannvakt skal vere til stades og ha god kontroll medan arbeidet skjer, under pausar og minst ein time etter at arbeidet er avslutta.

Tak

Det er forbod mot bruk av open flamme på tidligare tekka tak.

Forbodet mot open flamme gjeld likevel ikkje:

- ved legging av lag to ved tolags tekking på område som er meir enn 1 meter frå sluk, gesimsar, gjennomføringar, bordtakbeslag og liknande.
- ved tekking på takkonstruksjonar som består berre av ubrennbare materialar på område som er meir enn 1 meter frå sluk, gesimsar, gjennomføringar, bordtakbeslag m.m.

Ved tining av is før omteking på tidligare tekka tak, vert det tillete bruk av open flamme på område der avstanden til sluk, gesimsar, gjennomføringar, bordkantbeslag og liknande er meir enn 1 meter. For fordamping av restvatn etter tining av is er det forbod mot bruk av open flamme.

Sertifikat

Personar som nyttar maskiner og utstyr i samsvar til definisjon av varmt arbeid utanom faste, spesielt tilrettelagde og brannsikre arbeidsplassar, skal ha gyldig sertifikat frå Norsk Brannvernforening eller samarbeidande organisasjonar i øvrige nordiske land for den type arbeid som skal utførast.

- 5.10 Tobakksrøyking
I produksjonslokale og lagerrom er det lov å røykje berre på dei stadane som er nemnde i bedrifta si eiga føresegn om slik tobakksrøyking. Slik føresegn skal væra utforma med tanke på branntryggleiken og være godkjend av bedrifta sitt styre.
- 5.11 Orden og reinhald
Avfall som kan tennast av seg sjølv eller kan gje gassar, skal til ei kvar tid leggjast i behaldarar av flammefast materiale med sjølvluukkande lokk, eller straks verte frakta til ein trygg stad.
- 5.2 Endring av risiko (vågnad), sikringskrav og andre personar sine handlingar med verknad for dekninga.
- 5.2.1 Ansvarsavgrensing ved endring av risiko.
- 5.2.2 Sikringstiltak
Sikringstiltak nemnde i forsikringsbeviset skal vere gjennomførde og haldne ved like.
Dersom det har vorte ei endring som skulle tilseie høgare premie, kan Selskapet sitt ansvar settast ned høvesvis eller falle heilt bort. (Jfr. Fal § 4-7).
- 5.2.3 Dersom ei forsikring er godkjent teikna i Selskapet og eit anna selskap samstundes, og forsikringa i det andre selskapet vert annullert på grunn av forsikringstakaren sine handlingar, eller mangel på slike, så er dette å sjå som endring av risikoen. Let forsikringstakaren vere å kontakte Selskapet om dette, slik at risikoen kan vurderast på ny, vert ei eventuell erstatning redusert høvesvis, eller kan falle bort, som om den andre forsikringa var i kraft.
- 5.3 Andre personar sine handlingar
eller mangel på slike, frå den sikra sin ektemake som bur saman med den sikra, eller frå personar som den sikra lever saman med i eit fast etablert forhold, får same verknad for den sikra sine rettar som om handlinga, eller mangel på slike, var gjord av den sikra sjølv. (Jfr. Fal § 4-11).

6 Erstatningsutrekning, skadeoppgjær, eigendel og regler for verdisetting

FAL 6-1 er fråviken. I staden gjeld følgjande regler:

- 6.1 Bygning
 - 6.1.1 Ved gjenoppføring eller reparasjon
 - 1. Dersom bygningen vert reparert/gjenoppført
 - innan landet sine grenser,
 - til same formål,
 - innan 5 år,
 - av forsikringstakar, eigar, ektefelle/sambuar eller livsarving, vert erstatninga rekna etter følgjande regler:
- Erstatninga vert utmålt på grunnlag av kostnadane til istandsetting / gjenreising til same, eller i hovudsak same, stand som rett for skaden skjedde, rekna etter prisane på skadedagen.
- Erstatningsgrunnlaget kan ikkje settast høgare enn gjenreisingsprisen for skaden, men med frådrag for verdien etter skaden, rekna etter same regler.
- Det skal gjerast frådrag for verdiauke ved betring av tilstanden av den skadde bygningen eller del/ komponent av bygningen, ved at brukt vert erstatta med nytt. I vurderinga skal det takast omsyn til fysisk foring for elde,

	bruk eller annan påverknad.		
	Frådraget skal gjerast for den del av verdiauken som er større enn 40% av verdien av bygningen eller delen / komponenten før skaden.	6.4.1	Prisstigning etter skadedagen
	Dersom omsetningsverdien av den nye / istandsette bygningen, til same føremål på forsikringsstaden, vert større enn bygget sin salsverdi for skaden, skal det gjerast frådrag for den auken som er større enn 40% av omsetningsverdien var for skaden.		Prisstigning vert rekna frå skadedagen til reparasjon, gjenanskaffelse eller gjenoppføring har skjedd eller normalt kunne ha skjedd.
	Ved fastsetting av bygget sin salsverdi skal det takast omsyn til mulege endringar i avkasting, plassering og andre omsyn. Nødvendige utrekningar skal gjerast på ein byggepris som svarar til gjenreisingsprisen.		Prisstigning vert erstatta i same forhold som skaden elles og er avgrensa til 20% av erstatninga for kvar skada ting etter skadedagen sitt prisnivå.
2.	Dersom bygningen vert reparert/gjenoppført utanfor forsikringsstaden, eller til anna formål innan 5 år, av forsikringstakar, eigar, ektefelle / sambuar eller livsarving, skal det gjerast frådrag for ein kvar auke av omsetningsverdien som atterreisninga fører med seg.		I utrekninga vert det gjort frådrag av opptente renter av erstatninga.
3.	Bygning som ikkje har omsetningsverdi skal verdsettast slik: Bygningen si omsetningsverdi før skaden settes til bygningen sin gjenoppføringspris med frådrag av verdiforringing av bygningen sine komponentar på grunnlag av elde, bruk og anna fysisk forringing, samt for ting som står føre utskifting, multiplisert med 0,9.		Selskapet erstattar prisstigning berre dersom skaden er utbetra innan 5 år frå skadedagen for bygning og tre år for maskiner og lausøyre.
	Ved gjenoppføring til same formål settes omsetningsverdien etter skaden til gjenoppføringsprisen.		Erstatninga vert fastsett og forfell til betaling når skaden er utbetra.
	Ved gjenoppføring eller reparasjon til anna formål, men elles tilfredstiller krava i pkt. 1, skal auken av omsetningsverdien ut over 10% trekkast frå.	6.4.2	Meirutgifter ved skadeutbetring på grunnlag av offentleg påbod.
6.1.2	For bygning som ikkje vert sett i i stand / gjenoppført, skal erstatningsgrunnlaget fastsettast etter hovudregelen, men ikkje høgare enn til bygningen sine salsverdi for skaden.	1.	Meirutgifter ved utbetring eller gjenoppføring settes til forskjellen mellom gjenoppføringsprisen for ein bygning tilsvarande den forsikra med same storleik og tal etasjar, men utført i samsvar med påboda, og gjenoppføringsprisen for den forsikra bygning. Meirutgifter ved byggemåte og utstyr som er urasjonelle etter dagen sin byggeskikk skal ikkje takast med.
	Dersom bygningen ikkje kan omsettast særskilt, så skal bygningen sin bruksverdi leggst til grunn.	2.	Meirutgifter ved undersøking av grunn og fundamentering vert rekna som for ei bygning tilsvarande den forsikra, men utført i samsvar med påboda.
6.1.3	Bygning som står føre riving.		Ved fastsetting av meirutgifter skal det ikkje takast med:
	Mellombels bygg som ikkje skal settast i stand / gjenoppført.	-	meirutgifter til utgraving eller utsprenging av kjellar
	Erstatningsutmåling, er avgrensa til verdien av brukbare materialar frå bygningen, teke ned og lagt fram for sal / transport. Det skal gjerast frådrag for utgiftene for riving.	-	meirutgifter som skuldast at bygning vert gjenoppført større enn den skada
6.2	Maskiner og lausøyre	-	tap av nytteareal, som følgje av påbod, i forhold til den skada bygningen.
6.2.1	Ved gjenkjøp eller reparasjon		Utbetring/gjenoppføring må vere avslutta innan 5 år etter skadedagen, og erstatninga forfell til betaling først når skaden er utbetra.
	Erstatninga vert rekna på grunnlag av kostnadane til reparasjon/gjenkjøp til same eller vesentleg same stand som umiddelbart før skaden skjedde, rekna etter prisane på skadedagen.	6.5	Skjønn
	Erstatningsgrunnlaget kan ikkje settast høgare enn gjenanskaffelsesprisen før skaden, jfr. pkt 6.7.3, fråtrekt verdien etter skaden, rekna etter same regel.		Fastsetting av erstatningsgrunnlag og verdier skal avgjerast ved skjønn dersom den sikra eller selskapet krev det. Skjønnnet kan ikkje med bindande verknad for partane ta stilling til skadeårsak og andre faktiske forhold som er avgjerande for om selskapet kjem i ansvar. Reglane om skjønn i punkt 2 i selskapet sine Generelle vilkår skal leggst til grunn.
	Det skal gjerast frådrag for verdiauken ved forbetring av tilstanden på den skada tingen eller del/komponent av tingen ved at brukt vert erstatta med nytt. Ved vurderinga skal det takast omsyn til forringing ved elde, bruk, nedsett bruksverdi, den tid tingen har vore i bruk og gjenstående brukstid.	6.6	Eigendel
	Frådrag skal gjerast for den del av verdiauken som overstig 40% av tingen eller delen/komponenten sin verdi før skaden.		I erstatningsoppgjeret vert det gjort reduksjonar med heimel i vilkår eller lov, før frådrag av eigendel.
6.3	Varer		I erstatningsoppgjeret for kvar sikra vert det trekt ein eigendel på kr 10.000,- dersom ikkje noko anna er særskilt avtalt eller nemnt i forsikringsbeviset.
	Erstatninga vert rekna på grunnlag av kostnadane til reparasjon til same, eller vesentleg same stand som før, rekna etter prisane på skadedagen. Erstatningsgrunnlaget kan ikkje settast høgare enn verdien før skaden, rekna i samsvar med pkt 6.7.4. Ved totaltap vert erstatningsgrunnlaget sett til verdien før skaden.		Dersom skaden vert erstatta ved at selskapet skaffar fram tilsvarande, eller i all hovudsak tilsvarande ting, pliktar den sikra å betale inn eigendelen til selskapet.
6.4	Erstatningsutrekning tilleggsdekningar		Naturskade Eigendel som nemnt i Lov om naturskadeforsikring.
			Har sikra fleire forsikra ting i selskapet som er råka ved ei og same hending, vert det trekt berre ein eigendel, den høgaste.
		6.7	Forsikringssummar
		6.7.1	Fullverdi bygning
			Fullverdiforsikra bygning er forsikra for det som det på skadedagen vil koste å gjenoppføre tilsvarande, eller i det vesentlege tilsvarande, bygning på skadestaden, gjenoppføringsprisen. Meirkostnad ved byggemåte og utstyr som er urasjonelle etter dagen sin byggeskikk skal

	ikkje takast med.		Selskapet svarer berre for skade som skjer i den tid forsikringsavtalen gjeld og i høve til forsikringsbeviset og forsikringsavtaleloven.
	Premiegrunnlaget vert fastsett av selskapet ved forhandtakst og vert regulert seinare etter prisindeks for bygning eller ved ny takst.		Kostnader til vedlikehald og / eller endringar/forbetringar er unnatekne.
	Tilbygg eller anna forandring som innverkar på bygningen sin gjenoppføringspris, er omfatta av forsikringa og skal meldast til selskapet.	6.8.1	Skademelding.
	Er melding ikkje gitt, vert det erstatta ein så stor del av skaden som svarer til forholdet mellom gjenoppføringsprisen slik den ville vere utan , og slik den er med forandringa(underforsikring)		Skaden skal snarast og utan ugrunna opphald meldast til Selskapet.
	Omfattar forsikringa bygningar utan spesifikasjon i forsikringsbeviset, gjeld tilsvarande regel for ikkje tilmeldt ny bygning.		Selskapet kan krevje at skademeldinga skal innehalde den sikra sin fødselsnummer (11 siffer) eller føretaksnummer.
6.7.2	Fast forsikringssum - bygning.		Brann, innbrot, tjuveri, hærverk og ran skal meldast til politi eller lensmann.
	Forsikringssummen skal fastsettest av forsikringstakaren.	6.8.2	Selskapet kan krevje at også andre skadar skal meldast til politi eller lensmann.
	Er forsikringssummen lik gjenoppføringsprisen, kan heile skaden erstattast utan fråtrekk for underforsikring. Er forsikringssummen lågare enn dette, vert så stor del av skaden erstatta at det svarar til høvet mellom forsikringssum og gjenoppføringsverdi (underforsikring).		Meirverdiavgift / investeringsavgift.
6.7.3	Forsikringssum maskiner og lausøyre	6.8.3	Meirverdi-/investeringsavgift vert refundert etter dokumenterte kostnader som er komne til ved istandsetting av skaden.
	Forsikringssummen vert fastsett av forsikringstakaren. Forsikringssummen skal minst tilsvare det som det på skadedagen vil koste å gjenanskaffe tilsvarande eller i det vesentlege tilsvarande ny ting, gjenanskaffelsesprisen. Er forsikringssummen lågare enn gjenanskaffelsesprisen, vert så stor del av skaden erstatta at det svarar til høvet mellom forsikringssummen og gjenanskaffelsesprisen (underforsikring).		Summen av skade + avgifter kan ikkje verte større enn den avtalte forsikringssummen.
	Nyanskaffelser er omfatta av forsikringa og verdien av desse skal takast med ved vurderinga av om det ligg føre underforsikring. Når nyanskaffelser i avtaleperioden er forsikra ved eigen sum for uspesifiserte nyanskaffelser, aukast forsikringssummen med verdien av desse nyanskaffelsene, høgst det forsikra beløp.		Høvet til panthavar, konkursbu, nye eigarar o.l.
6.7.4	Forsikringssum varer		I høve til panthavarar, konkursbu, leasingselskap, utleigefirma o.l. er selskapet sitt ansvar avgrensa til det lågaste av følgjande beløp:
	Forsikringssummen vert fastsett av forsikringstakaren. Forsikringssummen skal minst tilsvare verdien. Ved fastsetting av verdien skal det takast omsyn til sparte kostnader og renter, kontantrabatt, ukurans og andre omstende som innverkar på verdien. For varer som har redusert verdi på grunn av ukurans og som skal seljast til redusert pris, skal verdien reduserast i same forhold som reduksjon i salspris.	-	skilnaden i tingen sin omsetningsverdi for og etter skaden,
	Varer som sikra sjølv ikkje har produsert og varer under produksjon, vert verdsett til innkjøpspris med tillegg av kostnader, begge deler etter dei prisane som gjaldt ved ordinær produksjon og levering umiddelbart før skaden skjedde.	-	den sikra si økonomiske interesse i tingen på skadetidspunktet.
	Ferdige varer av eigen produksjon vert verdsett til partiprisen, med omsyn teke til sikra sitt normale salsmønster. For selde varer skal kontraktprisen nyttast. Det som vert berga skal vurderast som om det var selt.		For panthavarar tyder "tingen" i denne samanheng panteobjektet i det heile.
	Er forsikringssummen lågare enn verdien, vert det erstatta ein så stor del av skaden som svarar til forholdet mellom forsikringssum og verdien (underforsikring)		Desse reglane gjeld likevel ikkje "leasa" fast eigedom.
6.7.5	Førsterisiko		Ved konkurs gjeld reglane ovanfor utan omsyn til om konkursen var opna før eller etter at skaden skjedde.
	For postar med summar gjevne i punkt 3.1 til 3.2.6 i vilkåra og postar nemnde i forsikringsbeviset som "førsterisiko" vert skadar etter vilkåra erstatta inntil dei gjevne summene.	6.8.4	For andre nye eigarar som kjem til etter at skaden skjedde, andre enn eigaren sin ektemake, sambuar eller livsarving, vert Selskapet sitt ansvar rekna som om gjenreiseing eller gjenanskaffing ikkje finn stad.
	Føresegnene ovanfor om underforsikring gjeld då ikkje.		Oppgjersmåtar.
6.8	Fellesregler		Selskapet kan avgjere at skaden skal erstattast ved
	Skaden må skje plutselig og uforutsett. Med skade er og meint tap av ting, og kostnader nemnt i punkt 3.1 til 3.2.6 som følgje av brann eller naturskade.		- kontantoppgjer - istandsetting - gjenreiseing / gjenkjøp, eller - at selskapet skaffar til veges tilsvarande, eller i hovudsak tilsvarande, ting.
		6.8.5	Ved kontantoppgjer kan erstatninga ikkje vere større enn det Selskapet elles måtte betale for istandsetting eller gjenkjøp.
			Ved istandsetjing eller gjenreiseing / gjenkjøp har selskapet rett til å velje kva reparatør eller leverandør som skal nyttast.
		6.8.6	Eigedomnsretten til skadde ting, eller ting som har kome til rettes.
			Den sikra pliktar å behalde ein skadd ting mot å få utbetalt erstatning for skaden på tingen.
			Selskapet har rett til å overta ting som det er betalt erstatning for.
			Kjem ting til rette etter at erstatning er betalt, har den sikra rett til å få attende tingen mot å betale attende erstatninga. Dersom den sikra ikkje samtykkjer i dette, tilfell tingen selskapet.
			Selskapet tek over panterett.
			Dersom Selskapet har ansvar overfor panthavar, men ikkje overfor eigaren, går selskapet inn i panthavaren sin rett i den utstrekning selskapet betaler erstatning til panthavar.

6.9 Ansvarsavgrensingar som følgje av handlingar og forsøming frå sikra sine tilsette, endring av risiko og sikringskrav (identifikasjonsreglar)

Dersom den sikra sin rett til erstatning fell bort som følgje av den sikra sine handlingar eller forsømingar, gjeld dette også ved tilsvarende handling eller forsøming gjort av tilsette som har det overordna ansvar for den del av verksemda der forsøminga er gjort.

Den som ved handling forsømer å halde eller å sjå til at sikringskrava vert haldne, kan heilt eller delvis misse retten til erstatning. Retten fell også bort om forsøminga er gjort av andre personar som gjer arbeid av leiande art og av andre som har ei særleg sjølvstendig stilling innan verksemda, samt arbeidsleiarar, medrekna formenn o.l.

Ved forsøming av å halde sikringskrava som gjeld tjuveri og hæververk, kan rett til erstatning også falle bort ved forsøming gjort av den som har fått utlevert nyklar eller har ansvaret for låsing der tingen er oppbevart.

For medforsikra tredjeperson får reglane om bortfall av erstatning ved forsøming av ikkje å halde sikringskrava tilsvarende bruk. Dette gjeld ikkje tredjepersonar medforsikra etter FAL 7-1, 2. ledd.

6.9.1 Ansvarsavgrensingar ved endring av risiko

Sikringstiltak nemnt i forsikringspolisen skal vere gjennomført og haldne vedlike. Dersom det har skjedd ei endring som skulle ha ført til høgare premie, kan erstatninga høvesvis bli sett ned.

6.9.2 Ansvarsavgrensingar ved brot på sikringskrav

Forsikringa er overteken på grunnlag av at dei fastsette sikringskrava til ei kvar tid vert haldne. Har den sikra forsømt å halde sikringskrava, eller å sjå til at dei vart haldne, kan retten til erstatning heilt eller delvis falle bort.

6.10 Selskapet si renteplikt.

Den sikra har krav på renter av erstatninga, sjå Generelle vilkår, punkt 3.

7 Naturskade

Selskapet dekkjer skade på brannforsikra ting i Noreg, med direkte årsak i naturulukker som skred, storm, flaum, stormflod, jordskjelv eller vulkanutbrot. Jf. lov om naturskadeforsikring av 16. juni 1989, nr. 70.

Sjå eige vilkår som gjeld for denne dekninga.

Skade med direkte årsak i skred, storm, flaum, stormflod, jordskjelv og vulkanutbrot. Jf. Lov om naturskade forsikring.

Sikringsføresegner, sjå punkt 5

Ved naturskadar etter lov om naturskadeforsikring, den eigendel som til ei kvar tid er fastsett av departementet.

Vår vakttelefon ved skade: 70101250